

---

**Fra:** Merethe Tvedt  
**Sendt:** 14. juli 2015 14:36  
**Til:** 'rune.brakstad@gmail.com'  
**Emne:** Gbnr 9/180  
**Vedlegg:** Naboerklæring - pbl § 29-4.pdf

Hei Rune Andre Brakstad,

Meland kommune har mottatt søknad frå dykk om oppføring av garasje/ carport på gbnr 9/180, opplyst til å vera 48m<sup>2</sup> BRA og 58 m<sup>2</sup> BYA i Meland kommune.

På teikningane er garasjen/carporten plassert 2 meter frå nabogrense mot gbnr 9/188. Kommunen kan godkjenne plassering av tiltak over 50 m<sup>2</sup> nærare nabogrense enn 4 meter, *dersom* det ligg føre erklæring/samtykke frå naboieigedommen om løyve til plassering av bygg nærare felles grense enn 4 meter.

Dersom nabo ikkje vil samtykka til plasseringa, er det mulig å søke dispensasjon frå avstandskravet.

(Mindre tiltak derimot, der verken samla bruksareal eller bebyggd areal er over 50 m<sup>2</sup> *kan* plasserast inntil 1 meter frå nabogrense, utan at det ligge føre erklæring frå naboieigedom. Jmf. Pbl § 20-4 og SAK § 3-1.)

Eg har lagt ved døme på ein av erklæringane/samtykke Meland kommune pleier å godkjenne i slike saker.

Før vi kan handsame søknaden må det enten sendast inn erklæring frå eigar av gbnr 9/188 om løyve til å føre opp garasje/carport nærare felles grense, eller må det sendast inn søknad om dispensasjon for plassering av tiltak nærare 4 meter frå nabogrense.

Saka blir lagt i venetarkiv i påvente av at erklæring vert innsendt.

Men venleg helsing

Merethe Tvedt  
Byggesakskonsulent  
Meland kommune  
e-post: [merethe.tvedt@meland.kommune.no](mailto:merethe.tvedt@meland.kommune.no)

